



ARBEIDSPLAN 2015

1. Medlemsservice

- Kontoret skal vere ope kvar dag.
- «[Ny forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket](#)» og «[Ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.](#)» er gjort gjeldande frå 1.1.2015. Når det gjeld rett til avløyning ved ferie- og fritid og rett til avløyning ved sjukmelding er ikkje regelverket endra i stor grad. Det som derimot får følgjer for både landbrukstenester og bonden er at Landbruks- og Matdepartementet har bestemt at all utbetaling av tilskot skal gå direkte til bonden.
Styret ser dei likviditetsmessige utfordringane dette medfører for laget og vil tilrå at kvar medlem innbetalar sjølve når avløysartilskotet blir utbetalt i juni månad. Informasjon og giro blir sendt til medlemmane pr. post. Når det gjeld lønnsutgifter til avløyning i samband med sjukdom vonar laget å kunne hjelpe til med forskotering i same grad som tidlegar, viss likviditeten tillét dette.
- 5,5 årsverk i landbruksvikarressurs gjev oss god dekning i alle dei åtte kommunane som Landbrukstenester Sogn omfamnar.
- Medlemsverving. Målet er 20 nye medlemmer i 2015. Styret skal delta aktivt, og mellom anna vere med på gardsbesøk i lag med administrasjonen. Potensielle nye medlemmer blir kontakta både pr brev og telefon.
- Infoskriv 2 gonger i året.

2. Profilering og marknadsføring

- Multimediabrosjyre online.
- Oppdatering og info på eiga website.
- Sal av arbeidsklede med logo.
- Annonsering i Sogn Avis og

3. Tilsette

- Me har svært stabil arbeidskraft og i tillegg deltidsavløysarar som står klar til å ta oppdrag når det trengst.
- Arbeidstilsynet har pålagt oss auka fokus på HMS. Påminningar om dokumentert opplæring og bruk av verneutstyr vil difor halde fram. Me må i tillegg ha skriftleg stadfesting på at bonden tek HMS-ansvaret og følg opp pliktene sine i følgje KSL. Dette skal gjere arbeidsplassen endå tryggare for alle tilsette.
- Styrke administrasjonen med auka stillingsstorleik for Solveig viss oppdragsmengda aukar.

4. Økonomi - Konkurransedyktige og rette prisar på tenestene våre.